

---

**Fra:** Marit Kristine Einen <marit.einen@hfk.no>  
**Sendt:** mandag 5. mars 2018 13.44  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Kopi:** Kathrin Jakobsen; marton.ulstein@osteroyindustri.no; Einarsen, Ivar; Lennart.Fjell@fjell.kommune.no; Sølvi Folkedal; John Tveit; Jan Tjosås  
**Emne:** Påminning! Internasjonalt kommunenettverk i Hordaland - oppstart 7. mars

Hei alle

Minner om invitasjon til første møte i eit Internasjonalt kommunenettverk i Hordaland, oppstart 7. mars.

Vi ser fram til å møte dei kommunane som har meldt seg på, men har enno plass til fleire!

Sjå e-post med lenke til påmelding nedanfor med utvida påmeldingsfrist til 6. mars.

Vennleg helsing  
Marit

Marit Einen  
Senior adviser  
Hordaland County Council  
Section for Research, Internationalisation and Analysis  
Tel: +47 55 23 95 40  
Mob: +47 412 49 271  
Agnes Mowinckelsgt 5  
5020 Bergen



[www.hordaland.no/internasjonalt](http://www.hordaland.no/internasjonalt)

---

**Fra:** Kathrin Jakobsen  
**Sendt:** 22. februar 2018 16:27  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle <D-Kommunane i Hordaland - Alle@hfk.no>; 'Andreas.Nordeide@fjell.kommune.no' <Andreas.Nordeide@fjell.kommune.no>; 'john.tveit@auustevoll.kommune.no' <john.tveit@auustevoll.kommune.no>; 'solvi.folkedal@askoy.kommune.no' <solvi.folkedal@askoy.kommune.no>; 'jan.tjosaas@kvam.kommune.no' <jan.tjosaas@kvam.kommune.no>  
**Kopi:** Katharine Louise Clarke <kate.clarke@hfk.no>; Barbara I Harterink <Barbara.Harterink@hfk.no>; Bård Sandal (Bard.Sandal@hfk.no) <Bard.Sandal@hfk.no>  
**Emne:** Invitasjon til å delta i eit nytt internasjonalt kommunenettverk i Hordaland - 7. mars. 2018

### **Invitasjon til første møte i eit internasjonalt kommunenettverk i Hordaland - 7. mars 2018**

Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide tettare med kommunar for å utvikle regionen, og i sterkare grad bruke EU-program og europeisk samarbeid som verkemiddel. Difor tek vi no initiativ til å etablere eit internasjonalt kommunenettverk i Hordaland for å dele kunnskap og erfaringar på feltet, og gjere det lettare å kome i gang med internasjonale samarbeidsprosjekt.

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) i Regionalavdelinga i HFK har over tid hatt samarbeid med nokre kommunar og dette har resultert i ei rekkje internasjonale samarbeidsprosjekt, alt frå enkle prosjekt og studieturar til meir innovative prosjekt. Desse erfaringane ønskjer vi å dele med alle kommunane i Hordaland. Det ligg mange moglegheiter i EU-programma. Første steg er å identifisere behov/utfordringar i eigen kommune som kan løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Neste steg kan gjerne vere å bli kjend med god praksis og utveksle erfaringar hos europeiske partnerar. På dette grunnlaget vil det vere lettare å etablere større utviklingsprosjekt.

### **Føremål for nettverket**

Kompetanseutvikling, erfaringsutveksling og samarbeid, i hovudsak knytt til EU-program, prosjektutvikling, søknadsskriving, nettverk, tverrsektoriell og tverrfagleg tilnærming.

### **Målgruppe og tema**

Alle kommunane blir inviterte til å delta og tema for mulege prosjekt vil vere innanfor dei fleste av kommunane sine ansvarsområde. I første omgang tenkjer vi ein eller fleire personar tilsett i kommuneadministrasjonen, t.d. innanfor næring, helse- og omsorg, oppvekst og skule, kultur, friviljug arbeid mm, som har interesse av å bli med i nettverket. Det vil bli arrangert to til tre kombinerte workshops- og informasjonsmøte i året.

## **Første møte i nettverket 7. mars - Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gt. 5, kl 10.00-13.30**

### **Tema: Utvikle arena for erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunane**

- Erfaringar og god praksis - korleis skape lokal forankring
- Presentasjon av internasjonale prosjekt/prosjektidéar frå kommunar
- Kva fylkeskommunen kan bistå med

Program og påmelding: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/internasjonalt-kommunenettverk-i-hordaland/>

### **Påmeldingsfrist 5. mars**

### **Vidare møteplan for nettverket**

Andre møte (juni): Identifisere prosjekt som den enkelte kommune ønskjer å gå vidare med. Avdekke behov for samarbeid mellom kommunar.

Tredje møte (haust/vinter) : Søknadssworkshop med rettleiing og bistand frå HFK.

Tidspunkt for desse møta vil bli avtalt på første møte.

Velkomen!

Venleg helsing

**Kathrin Jakobsen**

Seksjonsleiar

Regionalavdelinga

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



Tlf: +47 55 23 90 61 | Mob: +47 982 55 253

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)